



Cuba har også sitt Capitol, i Havanna.

Me er nokre i Uskedalen som har diskutert ein felles tur til Cuba i 2019 for ei gruppe frå Kvinnherad, evt andre deltakarar. Turen vil bli lagt opp i samarbeid med Cuba-reiser. Dette er ikkje ein «standardtur» som Cuba-reiser arrangerer, men ein tur me har utarbeidd ilag, der me vitjar viktige byar og historiske stader både frå eldre- og nyare tid, i tillegg til spesielle naturområde.

Turen vil gå over 3 veker, der ein startar og avsluttar turen i Havanna. Ein vil dekke mest heile Cuba, frå Vinales i nord-vest, til Santiago de Cuba i sør-øst. For å sleppa lange «transport etappar» med buss, legg ein opp til å nytta innanriksfly frå Havanna til Santiago de Cuba, før me startar tilbaketuren mot Havanna med fin turistbuss, og med både lokal og norsk guide. Ingen etappar vil vera lengre enn maks 4 timar effektiv køyretid.



[Drosjeturane i Havanna er ei stor oppleving.](#)

Her vil ein leggja inn både stopp og lunsj på turen. Overnattinga vil vera både på hotell og i privat overnatting. Det vil bli lagt inn to «all inclusive opphald» kvart på ca tre dagar, eit på Guardalavaca (i veke 2) og eit på Varadero (i veke 3). På desse to stadene kan ein nyta strandlivet og evt vera med på guida turar i nærområdet.



[Cubansk musikk er ein viktig del av det daglege livet på Cuba.](#)

Andre byar er Holguin 1 natt, Camaguey 1 natt, Trinidad 2 netter, Cienfuegos 1 natt, Santa Clara. Ein vil køyra gjennom interessanne område, småbyar og ta stopp undervegs.

Avreis frå Bergen onsdag 27.feb 2019, attende i Bergen onsdag 20. mars.

Cuba-reiser har reservert 20 flybilletter tur/retur Bergen-Havanna via Amsterdam med KLM.

Denne reservasjonen varer i to veker, og kan kansellerast /endrast kostnadsfritt når me ser kor mange som kan tenkja seg å vera med. Me legg opp til eit infomøte i løpet av neste veke. Då har ein truleg fått eit meir nøyaktig kostnadsoverslag. Kostaden vil sjølvstakt variera litt etter antal deltakarar, då det er fleire å dela på utgifter til m.a. guide og buss.

Interesserte kan ta kontakt med Magne Huglen på tlf 97040153, evt epost:

donhaug.gard@knett.no.

Tekst: Magne Huglen

Foto/nett: Kristian Bringedal (mai 2015)



Che er det fremste symbolet på fridomskampen for sjølvstende.